

Naturvernforbundet Nordhordland
Hoplandssjøen 74
5943 Austrheim

24. april 2017

Austrheim kommune
Sætremarka 2
5943 Austrheim

Søknad om torskeoppdrett er i strid med framlegg til ny arealplan i Austrheim

CIT Holding AS har søkt om å etablera ny lokalitet for oppdrett av torsk ved Trøvika i Austrheim kommune. Verksemda har søkt om å leggja ut eit stålanlegg med 8 bur på 25 x 25 meter i to rekker, med fôrflåte plassert sør for anlegget. Maksimal tillaten biomasse (MTB) vert søkt til 1560 tonn. Høyringsfristen er 25.04.17.

Av søkjar vert det peikt på at anlegget skal etablerast i arealkategorien «Akvakultur» i eksisterande kommuneplan for Austrheim. Lokaliteten er plassert innanfor akvakulturområdet AK54 i område avsett som FFNFA – Fiske-, Ferdsel-, Natur,- Friluft-, og Akvakulturområde.

Naturvernforbundet Nordhordland gjer merksam på at akvakulturområdet det vert vist til, er fjerna i framlegg til ny arealplan for Austrheim kommune som var på høyring i 2016. Etter merknader frå Fylkesmannen i Hordaland må planen ut på ny høyringsrunde, men i kommunestyremøte 22.02.17 vart det ikkje gjort vedtak om å ta inn att AK54 i høyringsdokumentet, og arealkategorien er framleis «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone».

Naturvernforbundet vil vidare peika på at denne delen av Øyane har store landskapsmessige verdiar, stor verdi for friluftsliv og som farlei for mindre båtar på veg nordover langs Sævrøy til ytre Øyane. Oppdrettsanlegget det er søkt om, vil tvinga båtane ut i meir eksponert og vêrutsett område.

Når det gjeld landskap, vart denne delen av Øyane i si tid foreslått som nasjonalpark. Slik blei det ikkje, men i Ny landsplan for nasjonalparkar blei det lagt strengare føringar for planlegging av landskapsinngrep i denne delen av kommunen. Etter Naturvernforbundet si meining vil stålanlegg med 8 bur vera eit så stort inngrep, at det bryt med Stortinget sine intensjonar i landsplanen.

I Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune si verdisetjing av friluftsområde i Hordaland, er tiltaksområdet vurdert å vera eit regionalt «viktig» friluftsområde, på grensa til «svært viktig» i ytre Øyane. Området er mykje brukt til båtutfart, t.d. fritidsfiske og kajakkpadling. Frå vestsida av Sævrøy på nedsida av den kommunale vegen mot Baløy, er det dessutan lett tilgjengelege fiskeplassar frå land som blir avskorne og umogleg å nytta om det blir gitt løyve så tett inn til land.

Austrheim kommune har soleis gode argument for å fjerna AK54 frå kommuneplanen. Sjølv om den nye arealplanen ikkje er endeleg vedteke, er dei politiske intensjonane for området så tydeleg uttrykte at det etter Naturvernforbundet Nordhordland sitt syn må bety avslag på

søknaden. Å gje løyve til torskeoppdrett her vil vera i strid med framtidig arealbruk, store landskapsverdiar og viktige friluftsområde, og til hinder for småbåttrafikken i farleia mot ytre Øyane.

Naturvernforbundet Nordhordland går på dette grunnlaget mot søknad for torskeoppdrett i Trøvika utanfor Sævrøy.

Jan Nordø
leiar
Naturvernforbundet Austrheim